

Sjå mottakarliste

Dato: 28.08.2017
Vår ref.: 2017/14891-2
Saksbehandlar: torrods
Dykkar ref.: «REF»

Søknad om fornying av ruteløyve for strekninga Bergen - Haukeli – Oslo – mellombels svar

Vi har i brev av 23.08.17 frå Telemark fylkeskommune fått oversendt brev av 10.08.17 frå Telemark Bilruter AS med søknader om fornying av ruteløyve for strekninga Bergen – Haukeli – Oslo for både seg sjølve og for Tide Buss AS.

Som det går fram av nemnde brev frå Telemark fylkeskommune skal Hordaland fylkeskommune vere løyvestyresmakt i saka. Vi legg til grunn at Telemark Bilruter representerer begge busselskapa. Eventuelle merknader til dette må fremjast snarast.

I følgje yrkestransportforskrifta § 6 skal søknader om ruteløyve vedleggast politiattest som ikkje skal vere eldre enn tre månader. Politiattesten for dagleg leiar i Telemark Bilruter er dagsett 14.02.17 og for dagleg leiar av Tide Buss dagsett 13.03.17. Hordaland fylkeskommune må difor motta nye politiattestar for eventuelt å kunne skrive ut nye ruteløyvedokument.

Som grunnlag for sakshandsaminga ber vi om å få opplyst om vognene som skal nyttast i ruta skal oppfylle køyretøyforskrifta sine noverande krav til motorteknologi og krava i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. Vi ber og om å få opplyst kor stor andel av dei respektive selskapa sine vogner i noverande rutedrift utanfor offentlege kjøp som oppfyller desse krava.

I følgje instruks frå Samferdselsdepartementet må saka sendast på høyring med frist 6 veker. Den må deretter førebuast administrativt etter reglane i forvaltningslova, og handsamast av Utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet på fastsette møtedatoer. Forventa samla sakshandsamingstid er difor 4 månader, jf yrkestransportforskrifta § 28 første ledd.

Vedlagt følgjer faktura for sakshandsamingsgebyr pålydande kr 3 400 for kvart av selskapa.

Rolf Rosenlund
seksjonsleiar

Tor Harald Rødseth
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg: 2 stk faktura for sakshandsamingsgebyr.

Mottakarliste:

Telemark Bilruter AS, Postboks 34, 3835 Seljord

Tide Buss AS, Postboks 6300, 5893 Bergen

Kopi utan vedlegg til:

Telemark fylkeskommune, Avdeling for areal og transport,

Postboks 2844, 3702 Skien